

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 15.09.2016  
Vår ref.: 2016/8534-81  
Saksbehandlar: linped15  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Melding om vedtak - fastsetjing av ansiennitet - søkjarar til drosjeløyve og søkjarar som vil byte sentraltilknytning i Bergen køyreområde

**Samferdselsavdelinga gjer merksam på at søkjarar til drosjeløyve haust 2016 fell ut av søkjarlista dersom ikkje alle dei nødvendige vedlegg ligg føre innan 3 veker etter ansiennitetsvedtaket.**

### 1. Fastsetjing av ansiennitet:

Vedlagt følgjer fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak dagsett 16.09.2016 vedkommande fastsetjing av ansiennitet som full tids drosjesjåfør, og som løyvehavar.

**Ansienniteten er fastsett på grunnlag av den dokumentasjonen vedkommande søkjar har levert inn. All ansiennitet skal dokumenterast, og det er den einskilde søkjar sitt ansvar å levere inn nødvendig dokumentasjon.**

Manglande innlevering av dokumentasjon som nemnd i kunngjeringa vil såleis kunne føre til manglande godkjenning av ansiennitet.

### 2. Opplysningar om klageadgang:

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på **3 veker** etter at ein fekk melding om vedtaket. Klagen kan sendast til samferdselsavdelinga. Følgjene av ein eventuell klage kan bli at vedtaket blir endra.

Etter tvistemålslova § 27 b, kan søksmål om vedtaket er lovleg eller krav om erstatning som følgje av eit slikt vedtak ikkje reisast før parten har nytta høve til å påklage vedtaket.

Det vert sett ein søksmålsfrist på 2 mnd. Jfr. Yrkestransportlova §

Med heimel i forvaltningslova § 18 jfr. §19 har part – med visse unntak – rett til innsyn i dokumenta i saka. Ein må i så tilfelle vende seg til samferdselsavdelinga.

### **3. Utskrift frå løyveregisteret:**

Dersom ein ønskjer utskrift frå løyveregisteret med omsyn til kva periodar ein har fått godkjent ansiennitet for, må ein vende seg til samferdselsavdelinga på e-post: [samferdsel@hfk.no](mailto:samferdsel@hfk.no)

Utskrift vil i så tilfelle bli sendt vedkommande.

### **4. Tildeling av ledige drosjeløyve:**

Vedlagt finn ein ei søkjarliste for dei som søker om drosjeløyve og ei liste for dei som søker overgang til annan sentral. Listene er rangert etter ansiennitet og ein må sjå begge listene i samanheng ved tildeling.

Det vert ikkje tildelt drosjeløyve til dei som har løyve frå før.

Vi gjer merksam på at den einskilde sentral har eigne reglar for tilknytning til sentralen, mellom anna med omsyn til profilering av bil. Den einskilde sentral må difor kontaktast for nærmare opplysning om desse reglane.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Linn Cathrin Pedersen  
førstekonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### **Vedlegg:**

Delegert saksframlegg  
Søkjarliste ordinære drosjeløyve  
Liste over dei som søker overgang til annan sentral

#### **Kopi:**

A-Taxi  
Bergen Taxi  
Bergen Airport Taxi SA  
Christiania Taxi Bergen  
Norgestaxi Bergen  
Taxi 1  
Norges Taxiforbund avd. Bergen  
Norges Taxiforbund avd. Hordaland